



## **VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE I VOLDA KOMMUNE**

Gjeldande frå 01.08.2022 Vedteke av kommunestyret 28.04.2022

*Utarbeidd med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa § 13-7.*

### **§ 1. FORMÅL**

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn, jf. opplæringslova § 13-7.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Tilbodet skal vere tufta på same verdiar som barnehagane og skulane i Volda.

### **§ 2. EIGARTILHØVE**

Volda kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane i kommunen.

### **§ 3. LEIING, STYRING OG ANSVAR**

Skulefritidsordningane er administrativt underlagt sektor for oppvekst. Rektor har det overordna ansvaret for skulefritidsordninga ved den enkelte skule.

Skulefritidsordningar med meir enn to årsverk skal ha ein dagleg leiar som skal ha pedagogisk utdanning.

Der det er dagleg leiar for skulefritidsordninga, kan rektor deleger administrative og pedagogiske oppgåver til leiaren.

### **§ 4. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Leike- og opphaldsareal skal vere godkjende etter dei faglege normer som gjeld, jf. forskrift om miljøretta helsevern, og stette krava i opplæringslova kapittel 9a.

### **§ 5. BEMANNING**

Det skal ikkje vere fleire born pr. vaksen enn det ein finn forsvarleg. Bemanninga skal i praksis vere forsvarleg i forhold til risikoene for at skade eller ulykke kan skje, jf. forskrift til opplæringslova § 12-1.

Til vanleg skal det ikkje vere meir enn 15 born pr. tilsett. Dette er ikkje til hinder for at det i kortare periodar av dagen kan vere fleire eller færre born pr. tilsett.

Det er rektor som har ansvar for å vurdere kva bemanning som er forsvarleg i dei ulike barnegruppene.

## **§ 6. TEIEPLIKT**

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13 til 13 f.

## **§ 7. POLITIATTEST**

Den som vert tilsett må legge fram politiattest, jf. opplæringslova. § 10-9.

## **§ 8. OPPLYSNINGSPLIKT**

Tilsette har opplysningsplikt til barnevernet og sosialtenesta jf. opplæringslova §§ 15-3 og 15-4.

## **§ 9. OPPTAK AV BORN**

Foreldre sender søknad på elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen si heimeside. *Søknadsfrist er 15. april.*

Ved søknad om plass etter søknadsfrist, vil opptak vere avhengig av om det av økonomiske og praktiske omsyn er mogleg å gi eit tilbod.

Rektor er ansvarleg for opptaket. Når ein elev har fått plass, har barnet plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4.trinn).

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for born med særskilde behov på 1.-7. trinn.

Omgrepet born med særskilde behov vert definert som born med store og omfattande hjelpebehov, dvs. varige funksjonsnedsettingar som medfører omfattande og vedvarande behov for bistand.

Born med særskilte behov i 5.-7. trinn må søke om plass i SFO innan 15. april kvart år.  
I dei høve skulefritidsordningane ikkje har plass nok til alle som søker, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:

1. Born med særskilde behov.
2. Borna sin alder (1. årstrinn får prioritet).
3. Born med særleg trøng for plass, pga. sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen.

Skulefritidsordninga skal vere sjølvfinansierande, med mindre det er løyvd eigne midlar til skulefritidsordningane i kommunen sitt budsjett. Det vert gitt tilbod om skulefritidsordning ved alle barneskulanane.

## **§ 10. OPNINGSTIDER**

Heil plass er inntil 5 dagar pr. veke. Dei ytre rammene for opningstida er kl. 07.30 til kl. 16.30. Reduserte plassar har same opningstid.

Der det er eit særleg behov for utvida opningstid td. grunna ferjetider, kan slikt tilbod verte gitt. Tid utover opningstida vert då fakturert etter reell sjølvkost pr. born.

### **Skulefritidsordningane utanom Volda sentrum følgjer skuleåret som normalordning.**

Ved andre skular enn i sentrum vert det lagt til rette for eit sommartilbod første veka etter skuleslutt i juni og to veker før skulestart i august. På dette tilboden må ein melde seg på heile veker, og det må vere minst 10 betalande elevar. Pris pr veke vert sett til  $\frac{1}{4}$  av prisen for 5-dagars tilbod pr mnd. Opningstida for dette tilboden er 08.00-16.00.

Elevar frå andre skular kan også melde seg på ferietilboden ved Øyra og Bratteberg skular. Ein må her melde seg på heile veker. Pris pr veke vert sett til  $\frac{1}{4}$  av prisen for 5-dagars tilbod pr mnd.

### **Skulefritidsordningane ved Bratteberg og Øyra held ope kvardagar frå mandag til fredag heile året med følgjande unntak:**

3 veker om sommaren  
jule- og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag  
5 planleggingsdagar pr. år

I sentrum er det delvis ferieope, med unntak av studie- og planleggingsdagar. Timane vert komprimerte, og opningstida vert tilpassa den einskilde skule. Påmelde til sommar- SFO kan nytte ferietilboden i høve plass-storleik. Dersom det er behov for fleire timar, kan dette kjøpast ekstra.

I sentrum er det delvis ferieope, med unntak av studie- og planleggingsdagar. Timane vert komprimerte, og opningstida vert tilpassa den einskilde skule. Påmelde til sommar- SFO kan nytte ferietilboden i høve plass-storleik. Dersom det er behov for fleire timar, kan dette kjøpast ekstra. Foresette vil i god tid kvart år få informasjon om kva dagar og veker skulefritidsordningane i sentrum er stengt.

Elevar som går ut av 4. årstrinn, kan nytte tilboden fram til feriestenging. Born med særlege behov kan nytte tilboden fram til feriestenging ut 7. årstrinn. Ferietilboden i august kan nyttast av påmelde i SFO som komande skuleår skal gå i 1. -4. årstrinn.

Tilboden vert lagt til ein eller fleire av sentrumsskulane vurdert opp mot etterspurnad, bemanning og SFO-lokala sin kapasitet.

#### **Plasstype:**

- 5 dagar pr. veke (inkl. morgen og ettermiddag)
- 4 dagar pr veke (inkl morgen og ettermiddag)
- 3 dagar pr. veke (inkl morgen og ettermiddag)
- 2 dagar pr. veke (inkl. morgen og ettermiddag)

#### **§ 11. FERIE**

Alle born i skulefritidsordningane skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit skuleår.

På grunn av ferieavviklinga til dei tilsette i skulefritidsordningane i sentrum, skal foreldra i god tid gi melding om kva tid borna deira skal ha ferie utanom dei tre vekene skulefritidsordningane er stengde. Jf. informasjonsskriv frå skulefritidsordningane.

## **§ 12 FORELDREBETALING**

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga kvart år.

Foreldra betalar for 11 månader pr år i skulefritidsordningane i sentrum (betalingsfri i juli). Dersom foreldra tingar skulefritidsordning heile dagar i skuleferiane, må dei betale ekstra for det.

I skulefritidsordningane som følgjer skuleåret, betalar foreldra for 10 månader (betalingsfri i juni og juli). Kostpengar kjem i tillegg til den faste betalinga.

Det vert gitt same syskenmoderasjon som i barnehage, dvs 30 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. Det vert ikkje gitt syskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.

Dersom for sein henting fører til ekstra personalkostnader, må dei føresette vere budde på å bere desse kostnadene.

Kommunen kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles verte lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak.

## **§ 13. OPPSEIING OG ENDRING AV PLASS**

Oppseiing eller endring av plass skal skje elektronisk via heimesida til Volda kommune.

Dersom barnet sluttar i skulefritidsordninga, er det 1 månads oppseiingstid rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida. Ved oppseiing etter 31.mars, må ein betale ut skuleåret.

## **§ 14. SKYSS**

SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid. Skyss til og frå SFO er difor foreldra sitt ansvar, anna enn i tilfelle der eleven av særskilde grunnar har slik rett. Denne retten gjeld berre når det er skuledagar. Som hovudregel vert ikkje elevar som i utgangspunktet har skyssrett, og som er tekne inn i SFO, tildelte busskort. Skulle det oppstå endringar i løpet av året slik at det vert behov for busskort, skal dette meldast skriftleg til skulen. Eleven vil då få utferda busskort i samsvar med innmeldte behov. Foreldra stadfestar at dei er kjende med og godtar dette ved signering av søknad om plass i SFO.

## **§ 15 FORSIKRING**

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevar i skulen/SFO.

Forsikringa gjeld på veg til og frå skulen.

## **§ 16. IVERKSETTING**

Vedtekta vert gjort gjeldande frå 01.08.2022.